

Samarbeidsavtale mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om tenester ved fylkestingsvalet 2015.

Hordaland fylkeskommune (HFK) har i ved fleire fylkestings- og stortingsval nytta tenester frå Bergen kommune (BK). HFK har nytta tenester av BK for kontrollteljing av røystesetlar ved gjennomføring av val. Tidligere inngikk HFK og BK en felles avtale om levering av skanningstenester og valsystem, men etter innføringa av EVA og avrop på skanningstenester frå avtale inngått av KMD, har HFK nytta tenester av BK i samband med kontrollteljing.

BK har inngått avtale med ekstern leverandør av skanningstenester og HFK har dekket kostnadene for de dagane som vert nytta til kontrollteljinga. I tillegg har HFK dekket sin del av kostnader knytt til testing, administrative kostnader og opplæring.

For fylkestingsvalet 2015 vil følgjande gjelde:

Bergen kommune har ansvar for:

- Gjennomføring av konkurranse/innkjøp
- Installasjon og testing av skannersenter i Bergen kommunes lokalar i rådhuset
- Volumtestar og oppgradering
- Testing ved skanneransvarlege
- Rekruttering, opplæring og utbetaling av lønn til skannerpersonellet og verifiserarar
- Utarbeider rutine for verifisering/godkjenning av røystesetlar (samarbeid med HFK)
- Opplæring og støtte til HFK sitt personell
- Gjere lokale tilgjengeleg for HFK sitt personell.
- Administrasjon som rigging av lokalar opp/ned, etablering av rutinar, utbetaling av lønn
- Pakke ned utstyr/opprydding
- Bestilling av mat til personell under kontrollteljinga

Hordaland fylkeskommune må ta ansvar for:


- Etablere rutiner for mottak av stemmesedler fra kommunene

- Informere kommunene om krav til stempler, pakking og tidspunkt for levering av stemmesedler til HFK på Bergen rådhus mv.
- Rekruttere bemanning til mottaket og kontroll av skanning/verifisering ved kontrollteljinga
- Ansvarlege på HFK må delta i testing og lære rutinane i skanning/verifiseringsprosessen
- HFK har ansvar for godkjenninga av kontrollteljinga
- HFK må samarbeide med BK om kriteria for godkjenning av røystesetlar ved verifisering
- HFK har ansvar for å gi beskjed til BK om talet på personell som skal ha mat

Kontrollteljinga til Hordaland fylkeskommune har tradisjonelt vore frå onsdag til og med fredag etter valet, men avtalen vil og gjelde i fall kontrollteljinga tek lengre tid enn førespegla.

HFK vert fakturert for kostnadene for dei dagane som vert nytta til kontrollteljinga, samt for sin del av kostnader knytt til testing, administrative kostnader og opplæring. Faktura vert sendt til HFK innan utgangen av valåret.

Bergen, den 31.08.15



Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Hordaland fylkeskommune

Bergen, den 10.9.15



Roar Kristiansen
Bystyredirektør
Bergen kommune